

# Årsmelding 2011

## **Arrangement**

*Historielaget har hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Mette Vårdal Fortalde om Edvard Storm og hans samtid. Jon Severud heldt foredrag om A.O.Vinje etter Ferdaminne 1860.*

*Egil Ulateig tok for seg flukta til kongen og kronprinsen i 1940 og om kva dei Gjorde under opphaldet på Sandbu .I samband med Besseggløpet hadde historielaget visning av Jo Gjende-bua der Gaute Vole kåserte om Jo Gjende.*

*Vidare har historielaget hatt omvisning på Gardsøy. Kulturminnedagen vart markert med historiske vandring frå Sagflaten på Tolstadåsen til Nedre Rusten, der taugbana frå Bårstad til Sel var tema. Kjell Vollheim viste rundt på klebberproduksjonsanlegget på Sagflaten. Historielaget har starta med innsamling av gamle bilete, m.a. var det ein fotokveld i Jutulheimen. Bileta blir skanning og lagra elektronisk, etter kvart vil dei bli utlagt på heimesida vaagaa-historielag.org. Vågå Historielag har saman med dei andre historielaga i Nord-Gudbrandsdalen skaffa gamle bilete til utsmykning på Lokalmedisinsk senter på Otta, desse er forstørra og innramma.*

## **Jutulheimen**

*Gudbrandsdalsmusea as står for drifta av Jutulheimen. Gudbrandsdals-musea as har hatt mange arrangement og i museumssesongen har dei hatt ein del aktivitetar. Ny utstilling om Jo Visdal er på plass. Tørrstugu er restaurert og sett opp att i området ved vass-huset, i samsvar med ny arealplan. Vindugo i Sundstugu er restaurert og isolasjon mellom etasjene er utskifta.*

## **Prestgarden**

*Hovudbygningen vart brukt til utstillingar under Vågå-dågå. Utstillinga til kunstnaren som bur i paktarbustaden var også tilgjengeleg reisten av sommaren, og frå november har han leigd Studeren til sine aktivitetar. Paktarbustaden er bortleigd som bustad medan låven, aurbua og del av fjaset er bortleigd som lager. Det er utført brannførebyggjande el.sjekk i bustad og hovudbygning, og all installasjon i Studeren er utskifta. For betre sikring er det installert brann- og*

*innbrots-alarm, dette er gjort mogleg ved privat gåve frå ein sveitsisk Norgesvenn og tilskot frå Stiftelsen UNI. Det er starta vedlikehald av lysthuset og takrenne på eldhuset er skifta. Ellers er det utført steinplukking og tilsåing i tunet.*

### ***Laget ellers***

*Frå årsmøtet 11. mars 2011 har styre vore dette:*

*Knut Raastad styreleiar, Dag Aasheim nestleiar*

*Reidun Sønsteli, Håkon Ulsand og Arne Strand styremedlemmar*

*Bjula Ulsletten, Even Luseter og Jonny Brenden varamedlemmar*

*Det har i året vore seks styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 430 medlemmar.*

*God oppslutning om frivillig medlemskontingent gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er heftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene til Jo Gjende, Ivar Kleiven og Trond Eklestuen. Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet som disponerer Flåten melder om at stugu, stabbur med aurbu, vasshus og eldhus er ferdigrestaurert. Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2011.*